

# Statuttar for Etnedalsdagane

Revidert av komiteen for Etnedalsdagane 19.9.2023

## 1. Føremål

Etnedalsdagane har som føremål å presentere og fremje Etnedal sin eigenart innan kultur, og vera eit bidrag i utvikling av lokalt næringsliv.

Etnedalsdagane skal ha ein kortreist, miljøvenleg og inkluderande profil.

## 2. Tidspunkt og stad

2.1 Etnedalsdagane blir arrangert siste helga i juli.

2.2 Det er opp til arrangøren å finne eigna stad for arrangementet. Dersom arrangøren brukar samfunnshuset og uteområdet ved Etnedal skule og Etnedalshallen, skal det ikkje betalast leige til kommunen.

## 3. Marknaden

3.1 Grunnpilaren i arrangementet er marknaden/utstillinga. Innhaldet i marknaden skal ha lokal tilknyting, gjerne prega av kultur- og næringstradisjonar frå Etnedal, Land og Valdres.

3.2 Etnedølar har fyrsteretten til marknadspllassane.

3.3. Det er utarbeida ei hugsliste for marknaden, til hjelp for arrangør og utstillarar (vedlegg).

3.4 Arrangøren kan be komiteen for Etnedalsdagane om å vurdere aktuelle utstillarar.

## 4. Underhaldningsprogrammet

4.1 Underhaldningsprogrammet bør spegle lokal kultur og eigenart.

4.2 Arrangementet bør ha eit godt utval av aktivitetar med røter i lokal kultur, til dømes tautrekking, kjæringbering, gokarstykkje, farmenaktivitetar, hesteskokasting, pilkast, spikking, bruskassestabling, staurbering, mjølkespannkasting/-halding, skyteaktivitetar, turn, fotball, kulturskule, song, musikk, leikar for barn, utstilling/aktivitetar med dyr, hundekøyring, klatretårn, quiz.

4.3 Det er høve til å ha dansearrangement, konsert eller liknande på kveldstid.

## 5. Bustenskjolds ærespris

5.1 Bustenskjolds ærespris kan delast ut til personar som ved sin stil og høviskhet har gjort ein særleg innsats som fortener ei påskjønning.

5.2 Komiteen for Etnedalsdagane er ansvarleg for å finne kandidat etter forslag frå arrangøren, syte for premie og stå for prisutdelinga.

## 6. Arrangør

6.1 Lag og foreiningar i Etnedal kan søkje om å få arrangere Etnedalsdagane. Eitt lag kan søkje åleine, eller fleire kan gå saman. Komiteen for Etnedalsdagane vurderer søkerne og vel arranger.

6.2 Etnedal kommune har ansvar for at arrangementet blir lyst ut i aktuelle media/kanalar, slik at informasjonen når ut til aktuelle aktørar. Søknadsfrist er 15. november.

6.3 Arrangøren har ansvar for marknadsføring og informasjon om arrangementet. Kommunen formidlar gjennom sine kanalar.

6.4 Arrangøren har ansvar for at arrangementet blir gjennomført etter føringane i statuttane.

6.5 Arrangøren kan låne utstyr av Etnedal kommune (sjå liste).

6.6 Arrangøren skal evaluere arrangementet, og levere rapport til komiteen innan 1. oktober. Samstundes skal lister over utstillerar, innkjøp/kiosksal, dognadsarbeidarar og annan relevant informasjon leverast.

## **7. Komité for Etnedalsdagane**

7.1 Komiteen for Etnedalsdagane er styringsorgan for Etnedalsdagane. Dei har ansvar for val av arrangør og for at arrangør fylgjer statuttane.

7.2 I komiteen sit fire representantar: Ein vald av kulturrådet, ein vald av idrettsrådet, ein vald av formannskapet og ein vald av næringslivsorganisasjonen Etnedal Utvikling.

7.3 Representanten frå formannskapet er leiar i komiteen.

7.4 Etnedal kommune stiller med sekretær, og har ei rådgjevande og koordinerande rolle i komiteen.

7.5 Eventuelle inngangsprisar blir fastsett i samråd med komiteen for Etnedalsdagane.

7.6 Eventuelle endringar i statuttane blir gjort av komiteen for Etnedalsdagane.